

Uttale om forslag til endring i skulestruktur

Sidan forslaget om endring i skulestruktur kom oss for øyre i mars, har det vore sagt og skrive mykje om saka. Fleire utfordringar er peika på:

-Belastande skyss- og ventesituasjon som tek frå elevane fritid og tilknyting til lokalmiljøet sitt.

-Trenghet både ute og inne på Subus, og mangel på tiltak og kostnadsrekning på eventuelle utbetringar på det.

-Auka trafikk ved levering og henting på Subus, der det alt er store utfordringar frå før. Det er ikkje framlagt planar eller kostnadsrekning på tiltak for avhjelpe dette.

-Negative ringverknadar på bulyst i grender, og i sentrum. Skulesamanslåing reduserer tilflytting til grendene, noko som faktisk alt er reelt, da vi har kjennskap til familiar som no avventar heimflytting. Tilgangen på bustadar i sentrum vil bli pressa om det kunn blir ein skule i kommunen, og heile kommunen blir mindre attraktiv å flytte til.

Vi ser og desse utfordringane, og stiller oss bak det som er sagt og skrive av mellom anna FAU, SSU, elevråd og privatpersonar. Vi vil attåt peike på eit punkt som kjem lite fram. Vi vil framheve Bæverfjord, og dei andre grendeskulane, sin eigenverdi med godt lærings- og arbeidsmiljø.

Vi er kritiske til at det er sett spørjeteikn til om det er muleg å ha like sterke profesjonsfellesskap og fagmiljø på små skular som på store. Alle skulane i Surnadal er lokalt tilpassa einingar, men vi er alle i hovudsak del av oppvekstsektoren i Surnadal og drivast etter styringsdokumenta for den norske fellesskolen.

Vi ser ikkje på skulane i Surnadal som separate fagmiljø, da vi lever ei digital tid med aktiv delingskultur, har felles utviklingsarbeid og arbeider i nettverk. Felles satsing på fagleg utvikling, IKT og tverrfagleg samarbeid, er tiltak som famnar heile kommunen og sikrar lik tilgang til kompetanse i einingane.

Vårt eige lokale profesjonsfellesskap reknar vi som sterkt. Vi som er tilsett her har brei erfaring og fagkompetanse. Vi har arbeidd grundig med læringsløypene i regi av Nettverk Nordmøre. Skulen er ein verdifull og god læringsarena, der tilsette er fleksible og brukar dei positive mulegheitene det pedagogiske arbeidet i aldersblanda grupper gjev. Vi har god erfaring med praktisk arbeid, prosjekt, friluftsliv og samarbeid i lokalmiljøet. Vi trivst godt, noko som sannsynleg er grunnen til særst lite sjukefråvær.

Å legge ned Bæverfjord skule, i likskap med dei andre grendeskulane, er ikkje berre tap for grendene, belastning for elevane som får lang reiseveg, trongare plass og mindre vaksentettleik (dei siste punkta gjeld og sentrumselevane), men også eit tap for kommunen som arbeidsgivar. Bæverfjord skule er ein attraktiv arbeidsplass!

Tilsette ved Bæverfjord skule

Julian Akrim – lærling

Liv Jenny Henden Bredesen – barne- og ungdomsarbeidar

Maren Halgunset – lektor

Inger Fjærli - adjunkt med tilleggsutdanning

Liv Ingrid Kvande - adjunkt med tilleggsutdanning

Bodil Kvam Aasbø - adjunkt med tilleggsutdanning

Lisa Forslund – lektor med tilleggsutdanning/rektor

Arne Henning Johnsen - einingsleiar